

Referat Soknerådsmøte 26. september kl. 17:30 på kyrkjekontoret

Til stades: Lars Svendsen, Per Børge Hillestad, Erling Walderhaug, Ragnhild Husa, Jostein Husa, Anders Bergsland, Ivar Mæland og Mia Etokebe

Melt fråfall: Tone Sævi og Olav Husa

Saksliste:

S45/17 Godkjenning av innkalling og referat - ok

S46/17 Musikk i kyrkja og julekonsert i desember

Ivar Mæland informerer: Salmekvelden i samarbeid med Fedjekostane og Lisbeth Stuberg. Salmar frå vest og 3 liturgiske variantar av Kyrie, Gloria og Angus Dei. Ivar Mæland er litt engasjert i Fedjekostane og jobbar mot julekonserten den 17. desember. Julekonserten den 17. desember vil romme alt frå barnekor, ten sing, kulturskulen, Koral, Mannskoret og Rocceklubben. Som musikalsk leiari synast Ivar det er viktig å anerkjenne dei som kjem. Ein kan ikkje treffe alle alltid, men møte dei med respekt og gi dei noko av kvalitet. Ivar Mæland trives på øya vår og synes det er kjekt å vere til nytte.

S47/17 Skriv og meldingar

- Nøkkelsystem er på plass. Nøkkelskapet er og montert på kyrkjevevja sitt kontor.
- Referat frå møte 20. september med kommunen. Referat ligg vedlagt. Den store endringa er at kyrkjetenerstillinga vil bli overført til fellesrådet frå 01.01.2018.
- MILK leiartrening – 6 15-16 åringar er med frå Fedje- Vi tek nokon samlingar på Fedje. Samarbeid med Austrheim.
- 2 påmeldt LIV Basic. Johanne og Thea - Mia som vegleiar. Dei betaler ein eigenandel sjølv men vil og legge inn ein søknad til soknerådet om å dekke 2500,- for kvar av dei.
- Ungdomsklubben – mange på klubb- god stemning. Gleder seg til neste gong. Mia har laga ei gruppe på messenger med vaksne som kan tenke seg å bidra inn i klubben, som vaksent nærvær og andaktsansvarleg.

S48/17 Frivillighet

- Dugnad -kyrkjeskyss – det er mange eldre som gjerne ønskjer dette. Ei SMS teneste. Vi treng 2-3 frivillige til dette. Info i kyrkjeblad og på plakatane for kvar gudsteneste. Vi må kartleggje behovet for kyrkjeskyss. Ta kontakt med Egil Waage fyrst, for vi vil ikkje gå han i næringa.
- SMS teneste til alle vil ha ei påminning på fredager før gudstenester. Konfirmantane skal sjølv sagt på denne lista. Lista ligg bak i kyrkja ved neste gudsteneste slik at dei som vere på denne SMS tenesta om gudstenester kan skrive ned namn og telefonnummer.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- Vi lager ei liste over alle frivillige: Elisabet Gullaksen Tunglund og Jostein Husa er Frivilligheitskoordinatorar for soknerådet. Dei vil jobbe, saman med soknerådet, vidare med å kartleggje alle frivillige, samt å skape engasjement.

S49/17 Framlegg av førebels gudstenesteplan for 2018: Utsatt til neste møte (det er også feil saksnummer her, så da passer det bra)

S49/17 Val av ny soknerådsleiar Forslag: Lars Svendsen som leiar og Olav Husa som nestleiar
Lars Svendsen blei valt som leiar for eit år og Olav Husa som nestleiar for eit år. Einstemt vedtatt med applaus.

S50/17 Eventuelle saker

- Givartenesta er satt på vent: Men vi må ikkje vente for lenge. Det bør lages brosjyrar og før jul bør vi ha som mål å skaffe 10.000 i månaden i gjevarteneste. Men kva tenkjer Austrheim vidare? Soknerådet ønskjer at dei 25% meir prest på Fedje skal vere Per Børge Hillestad, men da må Austrheim frigi han. Det må sendes ein skriftleg søknad til Austrheim sokn om dette. Og korleis vil vi at tilsettinga skal skje. Tilsett i fellesråd eller bispedøme? Austrheim ønskjer å tilsette i bispedøme, men Fedje ønskjer å tilsette i fellesrådene. AU må jobbe vidare med dette i lag med Austrheim.
- Anders Bergsland ytra ønskje om at han og Lisbeth Stuberg ønskjer å leige kyrkja for julekonsert og vil legge inn ein søknad på dette. Soknerådet er positive og det går enda gjetord om dei flotte konsertane dei heldt i fjor. Soknerådet behandlar søknaden når den kjem i skriftleg form.

Referent: Mia K. Etokebe for ny soknerådsleiar Lars Svendsen